

# Reglement

**For Møre og Romsdal fylkeskommunes finans- og gjeldsforvaltning**

Vedtatt av fylkestinget 07.12.20

Erstattar tidlegare reglement av 18.10.16



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Innhold

1	Heimel og formål	4
1.1	Formålet med reglementet	4
1.2	Kven reglementet gjeld for	5
2	Generelle rammer og avgrensingar i forvaltninga	5
a	Rammer, avgrensingar og avkastningsmål i likviditetsforvaltninga	5
b	Rammer og avgrensingar for gjeldsporteføljen	6
c	Rammer, avgrensingar og avkastningsmål for langsiktige finansielle aktiva	7
3	Finansiell risiko	7
4	Risikospreiing	8
5	Etiske retningslinjer	8
6	Rapportering av finansforvaltninga	8
7	Særskilt om handtering av avvik	9
8	Fullmakter	9
9	Politisk behandling	9
10	Kvalitetssikring	9
11	Iverksetting og endring	9
	<b>Vedlegg 1: Reglement for forvaltning av Møre og Romsdal fylkeskommunes kapitalfond</b>	10
1	Avgrensing	10
2	Målsetting	10
3	Kapital og avkastning	10
4	Investeringsrammer og plasseringsavgrensingar	10
4.1	Avgrensing i aktivaklasser	11
4.2	Plasseringsavgrensingar	11

5	Rapportering og kontroll	12
6	Iverksetting og endring	12

## 1. Heimel og formål

Møre og Romsdal fylkeskommune skal forvalte sine finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko, blant anna slik at betalingsforpliktingar kan innfriast ved forfall (jf. kommunelova §14-1, 14-2 og 14-13).

Krav til reglement for fylkeskommunen følgjer av forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar, fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 18. november 2019 (FOR 2019-11-18 nr. 1520).

### 1.1 Formålet med reglementet

Reglementet skal gi rammer og retningslinjer for fylkeskommunens finansforvaltning. Reglementet utgjer ei samla oversikt over dei rammer, avgrensingar og avkastningsmål som gjeld, og underliggjande fullmakter/instruksar/rutinar skal heimlast i reglementet.

#### Finansforvaltninga består av 3 delar:

- a. **Plassering og forvaltning av ledig likviditet og andre midlar for driftsformål (kort nemnt som likviditet).** Denne likviditeten inkluderer ein likviditetsreserve utover forventa minimumslikviditet på enkelttidspunkt. Det kan gjerast avtale om trekkrettigheitar for inntil 200 mill. kroner.

Formål: Ledig likviditet og andre midlar for driftsformål skal plasserast og forvaltast med sikte på tilstrekkeleg likviditet til utbetalingar i samband med fylkeskommunens vanlege drift.

- b. **Forvaltning av gjeldsporteføljen og andre finansieringsavtalar, medrekna også metodar og rutinar ved opptak av lån (kort nemnt som gjeldsporteføljen).**

Formål: Gjeldsporteføljen og andre finansieringsavtalar skal forvaltast med sikte på effektiv og rasjonell finansiering. Det skal leggjast vekt på å oppnå lågast mogleg finansieringskostnadar med omsyn til både låg risiko og økonomisk handlefridom.

- c. **Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva utskilt frå fylkeskommunens midlar for driftsformål (kort nemnt som langsiktige finansielle aktiva).** Dei langsiktige finansielle aktiva for Møre og Romsdal fylkeskommune, kapitalfondet, er nærare omtalt i vedlegg 1 til dette reglement.

Formål: Langsiktige finansielle aktiva skilt ut frå fylkeskommunens sine midlar for driftsformål skal forvaltast med sikte på størst mogleg avkastning ut frå ein samla låg risikoprofil. (For kapitalfondet, sjå i tillegg vedlegg 1 – punkt 2 og 3).

## 1.2 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Møre og Romsdal fylkeskommune. Reglementet gjeld også for verksemd i fylkeskommunale føretak etter kommunelova kapittel 9 og interkommunalt samarbeid etter kommunelova kapittel 17.

I den grad verksemdene har ei eiga finansforvaltning skal denne utøvast i tråd med reglementet, eller i tilfelle med interkommunalt samarbeid, etter eit felles finansreglement som er godkjent av fylkestinget.

## 2. Generelle rammer og avgrensingar i forvaltninga

- Fylkestinget skal sjølv gjennom fastsetting av dette finansreglementet, ta stilling til kva som er tilfredstillande avkastning og vesentleg finansiell risiko, jf. kommunelova § 14.1 og 14.13.
- Møre og Romsdal fylkeskommune skal til ein kvar tid ha eit disposisjonsfond som skal vere buffer for å møte uføresette tap på finansplasseringar og auka utgifter som følgje av renteaukingar. Dette fondet skal minst utgjere det beløpet som sist berekna «stresstest» viser er mogleg tap.
- Reglementet skal baserast på fylkeskommunens eigen kunnskap om finansielle marknader og instrument.
- Fylkeskommunedirektøren skal fortløypande vurdere om reglementets forskjellige rammer og avgrensingar framleis er egna, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at kapitalforvaltninga blir utøvd forsvarleg i forhold til dei risikoar fylkeskommunen er eksponert for.
- Det tilligg fylkeskommunedirektøren med heimel i dette finansreglementet, å utarbeide nødvendige fullmakter/instruksar/rutinar for dei enkelte forvaltningsformer som er i samsvar med fylkeskommunens overordna økonomireglar.
- Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt tillate brukt gjennom dette reglementet, kan ikkje nyttast i fylkeskommunens finansforvaltning.

Fylkeskommunen kan i si finansforvaltning nytte seg av andre finansielle instrument, såkalla avleda instrument/derivat. Slike instrument skal vere konkret angitt under dei enkelte forvaltningsformer og må nyttast innanfor risikorammene for underliggjande aktiva eller gjeld og skal inngå ved berekning av finansiell risiko.

### a. Rammer, avgrensingar og avkastningsmål for likviditetsforvaltninga:

2.a.1. Ledig likviditet kan plasserast som innskot i bankar med kontor i Noreg. For å redusere eventuell kredittrisiko skal fylkeskommunen fordele sine innskot på minst to bankar. Desse bankane skal ha hovudkontor i Noreg eller i ein stat som er knytt til EUs finanstilsynssystem, her under «Den europeiske banktilsynsmyndighet» (EBA). Fylkeskommunens plassering skal i ein einskild bank aldri overstige 3% av bankens forvaltningskapital.

2.a.2. Likviditet kan også plasserast i omsettelige sertifikat og obligasjonar utstedt eller garantert av Den Norske Stat, norske kommunar og norske fylkeskommunar, norske kredittføretak og norske bankar. Med unntak av Den Norske Stat skal kvar utstedar utgjere maksimum 100 mill. kroner. Det kan ikkje plasserast likviditet i ansvarlege lån eller fondsobligasjonar.

2.a.3. Det kan plasserast likviditet i pengemarknadsfond. Fylkeskommunens plassering skal samla aldri overstige 200 mill. kroner eller 10% av kvart fond sin samla forvaltningskapital. Fylket skal ikkje investere i pengemarknadsfond med risikovekt over 20%.

2.a.4. Vekta gjennomsnittleg løpetid (durasjon) på den samla portefølje av likviditetsplasseringar skal ikkje overstige 3 månader.

2.a.5. Likviditetsplasseringane skal ikkje medføre valutarisiko.

2.a.6. Avkastningsmålet skal vere minimum den avkastninga Møre og Romsdal fylkeskommune har på sin hovudbankavtale.

#### b. Rammer og avgrensingar for gjeldsporteføljen

Fylkestinget fattar vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Slike vedtak skal som minimum angi:

- Lånebeløp

Med utgangspunkt i fylkestingets vedtak skal det gjennomførast låneopptak og gjeldsforvaltning etter dei retningslinjer som går fram av dette reglementet, og i tråd med bestemmelsene i Kommunelovens § 14-14 «Vilkår for å ta opp lån».

2.b.1 Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, samt i livselskap. Det er også adgang til å legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden. Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån).

2.b.2 Ved opptak av lån skal gjeldande reglar for offentlege anskaffingar følgjast.

2.b.3. Det kan ikkje takast opp lån med valutarisiko.

2.b.4 Det er tillatt å endre eksponering i gjeldsporteføljen med bruk av derivat. For å styre renterisiko kan det inngåast framtidige renteavtaler (FRA) og rentebytteavtaler (SWAP). Føremålet med slike kontraktar skal dokumenterast og desse kan bare nyttast i kombinasjon med ein underliggjande låneavtale eller planlagt låneopptak som er vedtatt av fylkestinget. Storleiken på ein enkelt kontrakt for rentesikring kan ikkje overstige det underliggjande lånebeløp.

2.b.5. For å redusere renterisikoen skal til ein kvar tid minst 30% av fylkeskommunens innlån (inklusive lån sikra med FRA'er og SWAP'er) vere til fast rente (dvs. rentebinding lenger enn 12 månadar).

2.b.6. Lån med forfall inntil 12 månader fram i tid skal maksimalt utgjere 30% av den samla låneportefølje.

2.b.7. Den samla gjeldsportefølje skal ha vekta gjennomsnittleg rentebindingstid (durasjon) på mellom 1 – 4 år.

#### c. Rammer, avgrensingar og avkastningsmål for langsiktige finansielle aktiva

2.c.1. Forvaltning av kapitalfondet skal oppfylle rammer og avgrensingar gjevne i vedlagte reglement for kapitalfondet (vedlegg 1 - punkt 4).

2.c.2. Avkastningsmålet på den langsiktige delen av kapitalfondet skal minimum vere den avkastning Møre og Romsdal fylkeskommune har på sin bankavtale, pluss 2 prosentpoeng.

### **3. Finansiell risiko**

Fylkeskommunens finansforvaltning skal utførast slik at det ikkje medfører vesentlig finansiell risiko. Følgjande former for finansiell risiko kan definerast:

#### Kredittrisiko

Kredittrisiko representerer faren for at låntakar, eller motparten i ein derivatkontrakt, ikkje betalar tilbake heile eller delar av lånet (inkludert rentene).

Motparten/låntakarane vert vurdert og tildelt ein rating/karakter basert på sannsynlegheita for at lånet innfriast. Beste rating er AAA og svakaste er C. Rating frå AAA til BBB- er investeringar med låg sannsynlegheit for misleghald. Rating frå BB+ til C kategoriserast som investeringar med høgare sannsynlegheit for misleghald.

#### Marknadsrisiko

Risikoen for tap som følgje av endringar i prisar og kurssvingingar i dei marknadane fylkeskommunen er eksponert, mellom anna:

##### Renterisiko

Renterisiko representerer risikoen for at verdien på lån og plasseringar i renteberande verdipapir endrar seg når renta endrar seg. Går renta opp, går verdien av plasseringa i renteberande verdipapir ned (og motsatt).

##### Refinansieringsrisiko

Refinansieringsrisiko representerer risikoen for at ein ikkje får ta opp nye lån når dei gamle låna forfell, eller at ein må ta opp lån til vesentleg dårlegare vilkår.

##### Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko representerer faren for at midlar ikkje kan transformerast til kontantar i løpet av ein rimelig tidsperiode.

##### Valutarisiko

Valutarisiko representerer risikoen for tap pga. kurssvingningar i valutamarknaden.

#### Systematisk risiko i aksjemarknaden (generell marknadsrisiko)

Systematisk risiko har samanheng med kor sannsynleg det er for at aksjemarknaden vil stige eller falle – både på kort og lang sikt.

#### Usystematisk risiko i aksjemarknaden (selskapsrisiko)

Usystematisk risiko har samanheng med risikoen for at verdien av det aktuelle investeringsobjekt (selskap) ein investerer i, vil stige eller falle i forhold til verdien i marknaden – både på kort og lang sikt.

Reglane for avgrensing av den finansielle risiko er nedfelt i punkt 2. Generelle rammer og avgrensingar i forvaltninga.

#### 4. Risikospreiing

Ein reduksjon av risiko kan oppnåast med m.a. spreiiing av risiko. Reglane for risikospreiing er nedfelt i punkt 2. Generelle rammer og avgrensingar i forvaltninga.

#### 5. Ethiske retningslinjer

Dei etiske retningslinjene som til einkvar tid er gjeldande for Statens Pensjonsfond – Utland, skal vere retningsgivande for Møre og Romsdal fylkeskommunes strategi for kapitalforvaltninga.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil sørge for at samarbeidande forvaltarar er informert om både forvaltningsrammer og etiske retningslinjer i Møre og Romsdal fylkeskommunes strategi for kapitalforvaltning. Det er eit mål at kapital ikkje vert plassert i selskap med ein uakseptabel etisk profil, og at det derfor blir vald forvaltarar som tek omsyn til dei etiske sidene når dei vel ut sine investeringar.

#### 6. Rapportering av finansforvaltninga

Det skal i samband med ordinær tertialrapportering pr. april og pr. august, og ved årsavslutninga, rapporterast om finansforvaltninga til fylkestinget. Rapporteringa skal omfatte utviklinga i likviditetsforvaltninga, forvaltninga av gjeldsporteføljen og forvaltninga av dei langsiktige finansielle aktiva for siste periode og frå siste årsskifte.

Rapporteringa skal innehalde ei skildring og vurdering av:

- Samansetnad av finansielle aktiva og passiva
- Løpetid for finansielle aktiva og passiva
- Verdi av lån som forfell og må refinansierast innan 12 månader
- Marknadsverdi av finansielle aktiva og verdi for passiva
- Vesentlege marknadsendringar
- Endringar i risikoeksponering
- Avvik mellom faktisk forvaltning og krava i finansreglementet
- Avkastningsmål og eigne rentevilkår
- Fylkeskommunedirektørens kommentar og vurdering av den faktiske aktiva- og passivaforvaltning
- **Stresstest** med følgjande parameter:
  - + 2%-poeng parallell skift i rentekurven
  - 20% verdiendring på utanlandske aksjar
  - 30% verdiendring på norske aksjar

#### 7. Særskilt om handtering av avvik

Ved avvik frå reglementets rammer, skal fylkeskommunedirektøren orientere fylkestinget om årsak til og konsekvens av avviket, så snart som mogleg. Fylkeskommunedirektøren skal samtidig leggje fram ein plan over tiltak for å rette opp avvik, slik at finansporteføljane er i samsvar med reglementes rammer.



## **8. Fullmakter**

Fylkestinget gjev fylkeskommunedirektøren fullmakt til å gjennomføre finansforvaltninga i Møre og Romsdal fylkeskommune, herunder inngåing av alle finansielle avtalar samt avtalar om ekstern (diskresjonær) forvaltning, etter dei rammer og retningsliner som er gjevne i dette reglement med vedlegg, og etter gjeldande lover, regelverk og god forretningsskikk.

## **9. Politisk behandling**

Reglementet skal leggjast fram for politisk behandling minst ein gong kvar fylkestingsperiode.

## **10. Kvalitetssikring**

Reglementet og rutinane rundt finansforvaltninga skal vurderast av uavhengig fagkompetanse. Reglementet skal kvalitetssikrast når det blir gjort endringar i det.

## **11. Iverksetjing og endring**

Reglementet tek til å gjelde frå 01.01.2021. Det erstattar reglement vedtatt av fylkestinget 18.10.2016.

**Vedlegg 1:** Reglement for forvaltning av Møre og Romsdal fylkeskommunes kapitalfond.

**REGLEMENT FOR FORVALTING AV  
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNES  
KAPITALFOND**

Vedtatt av fylkestinget 07.12.20

Erstattar tidlegare reglement av 18.10.16

**Reglementet skal vere underlagt Reglement for Møre og Romsdal fylkeskommunes finans- og gjeldsforvaltning.**

**1. Avgrensing**

Reglementet omfattar kapitalfondet som hovudsakeleg består av inntekter frå sal av fylkeskommunale aksjar.

**2. Målsetting**

Formålet med kapitalfondet er å ivareta realverdien av den grunnkapital som blir oppnådd ved bl.a. sal av fylkeskommunen sine eigardelar i aksjeselskap, samt å forvalte denne kapitalen slik at den gjev størst mogleg avkastning til bruk for tenesteproduksjon i Møre og Romsdal fylkeskommune. Midlane i fondet skal forvaltast på ein forsvarleg måte med ein låg samla risikoprofil.

**3. Kapital og avkastning**

Grunnkapitalen i kapitalfondet er urørleg, og kan berre reduserast i samsvar med vedtak gjort av fylkestinget.

Den årlege avkastinga kan nyttast til dei formål som fylkestinget til ei kvar tid bestemmer.

**4. Investeringsrammer og plasseringsavgrensingar**

Fylkeskommunen skal ikkje foreta disposisjonar som i vesentleg grad inneber finansiell risiko. Det er nedanfor derfor gjeve regler om avgrensing i aktivaklassar og plassering.

#### 4.1 Avgrensing i aktivklassar

Aktivklasse	Minimum	Maksimum	Nøytral
Norske og utanlandske aksjefond	10%	30%	20%
Av dette:			
Norske aksjefond	0%	30%	12,5%
Utanlandske aksjefond	0%	15%	7,5%
Norske obligasjonar/obligasjonsfond	10%	50%	30%
Særinnskot i bank/sertifikat/pengemarknadsfond	30%	70%	50%

Midlane målt i marknadsvardiar skal haldast innanfor dei oppgjevne minimums- og maksimumsgrenser. Med utanlandske fond er her meint fond som 100% eller i dominerande grad investerer i utanlandske kapitalmarknader.

#### 4.2 Plasseringsavgrensingar

##### Aksjar/aksjefond

Kapitalfondet sine midlar kan plasserast i aksjefond. Det er ikkje tillatt å plassere i enkeltaksjar. Aksjefond skal ha ein konservativ forvaltningsprofil av børsnoterte aksjar med brei bransjefordeling. Utanlandske aksjefond skal i tillegg ha ein brei geografisk spreing over mange land. Aksjefond som berre plasserar i USA blir likevel rekna for å ha ei brei geografisk spreing.

##### Obligasjonar/obligasjonsfond

Midlane i kapitalfondet investert i obligasjonar/obligasjonsfond kan innanfor vedtatt reglement plasserast direkte i renteberande verdipapir (obligasjonar) eller i renteberande verdipapirfond. Den gjennomsnittlege durasjon for heile denne aktivklassen samla skal ikkje overstige 3,5 år. Det kan nyttast korte renteberande instrument (sertifikat/pengemarknadsfond/korte obligasjonar) for å justere durasjonen. Minst 30% av enkeltpapirporteføljen av obligasjonar skal vere investert i norske statsobligasjonar eller obligasjonar garantert av den norske stat. Med unntak av den norske stat skal kvar utstedar utgjere maksimum 10% av enkeltpapirporteføljen. Fylkeskommunens samla eksponering (inkl. annan finansforvaltning i fylkeskommunen) i renteberande obligasjonsfond skal aldri overstige 10% av kvart fond sin samla forvaltningskapital.

Obligasjonar og sertifikat som inngår i obligasjonsporteføljen (enten enkeltvis eller gjennom verdipapirfond) skal minimum vere ratet investmentgrade, dvs. BBB- eller betre, av anerkjent internasjonalt eller norsk ratingselskap/finanshus. Der det ikkje ligg føre offisiell rating vil rating utført av leiande nordisk bank eller verdipapirforetak bli nytta.

##### Særinnskot i bank og plassering i sertifikat/pengemarknadsfond

Ingen plasseringar i særinnskot i bank/sertifikat/pengemarknadsfond skal ha durasjon over 1 år. Plasseringane for denne aktivklassen skal ikkje medføre valutarisiko. Fylkeskommunens samla eksponering (inkl. annan finansforvaltning i fylkeskommunen) i renteberande pengemarknadsfond skal aldri overstige 10% av kvart fond sin samla forvaltningskapital.

Maksimum 30% av denne delporteføljen (med durasjon opp til 1 år) kan investerast i rentepapir (enten enkeltvis eller gjennom verdipapirfond) som har dårlegare rating enn BBB-, men ikkje dårlegare enn BB- frå anerkjent internasjonalt eller norsk ratingselskap/finanshus. Der det ikkje ligg føre offisiell rating vil rating utført av leiande nordisk bank eller verdipapirforetak bli nytta.

Med unntak av den norske stat skal kvar utstedar utgjere maksimum 10% av denne enkeltpapirporteføljen.

### **Ansvarleg lån**

Fondet sine midlar kan ikkje plasserast i ansvarlege lån

### **Valutapolicy**

Plasseringar i aksjefond som investerer i internasjonale aksjar kan valutasikrast.

## **5. Rapportering og kontroll**

Det skal rapporterast om forvaltinga av midlane til fylkestinget i samband med ordinær tertialrapportering pr. april og pr. august, og ved årsavslutninga.

Rapporten skal innehalde oversikt over:

- Fordeling på dei ulike aktivaklassar i kroner (marknadsverdiar) og i prosent av dei samla langsiktige finansielle aktiva
- Avkastning hittil i år samanlikna med relevant referanseindeks pr. aktivaklasse og mot samla avkastningsmål for den langsiktige delen av kapitalfondet
- Vesentlege marknadsendringar
- Endringar i risikoeksponering
- Avvik mellom faktisk forvaltning og krava i finansreglementet
- Fylkeskommunedirektørens kommentarar knytt til den faktiske aktivaforvaltning

Eventuelle andre opplysningar som er naudsynte for å gje eit rett bilde av utviklinga i fondet

## **6. Iverksetting og endring**

Reglementet tek til å gjelde frå 01.01.2021. Det erstattar reglement vedtatt av fylkestinget 18.10.2016.



**Besøksadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Julsundvegen 9  
6412 Molde

**Postadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Postboks 2500  
6404 Molde

**Telefon:** 71 25 80 00

**Mail:** [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)

**Web:** [mrfylke.no](http://mrfylke.no)



Møre og Romsdal  
fylkeskommune